

Referat breiddestyremøte ons 1.okt 2014 kl 1930 i SPVrommet

Tilstades: Aina, Morten B, Morten L, Frank, Peter, Sebastian

Forfall: Kirsti, Ann Helen

18-14: Organisering av ungdomsfotballen (Vedtaks sak)

Innstilling frå klubborganiseringsgruppa og sport på å gå for reine årsklassar for 13år, 14år, 15år, 16år. Sebastian presenterte modellen. Breiddestyret vedtek einstemming at vi går for reine årsklassar frå sesongen 2015, men det må alltid tas ei vurdering, der breiddestyret må vera involvert, om nokon årskull er for små slik at dei må slås saman.

19-14: Ørjan Hopen Utviklingspris (Vedtaks sak)

Ikkje offenteleg før publisering 9.nov

20-14: Hospitering

Innkomme innspel på forslag til endring av hospiteringsreglane i sportsplan. Breiddestyret er einige om at vi må få tydelegare reglar ved neste revisjon av sportsplan. Hospitering skal vera godt planlagt mellom trenarane på dei ulike laga, foreldre og sportsleg koordinator knytta til aldersklassen. Det bør alltid utarbeidast ein skrifteleg plan for hospitering.

1. Miniputt 6-10 år. Her skal *miniputtkontakt* vera involvert (men hospitering på miniputt er berre unntaktsvis)
2. Jenter 11år og oppover. Her skal *sportskoordinator jentefotball* vera involvert i hospitering.
3. Gutar 11 år og oppover. Her skal *sportskoordinator gutefotball* vera involvert i hospitering.
4. Spelarar i utviklingsgruppa. Her er det *utviklingsavdelinga* og den som styrer utviklingsgruppa som bestemmer hospitering og bestemmer kvar satsingsspelaren skal spele.

Ein slik fordeling av hospiteringa vil kunne gjera belastinga for dei i breiddestyret som blir direkte involvert mykje mindre enn i dag. Samtidig vil hospitering bli ryddigare og meir satt i system. Klubben vil også ha meir oversikt på kven som til ei kvar tid hospiterer. Desse nye føringane må arbeidast vidare med og innarbeidast i revisjon sportsplan.

21-14: Breiddestyret 2015

Breiddestyret er einige om og vedtek at vi frå neste år skal ha 2 sportskoordinatorar for aldersbestemt. Ein for jentefotball 11 år og oppover og ein for gutefotball 11 år og oppover. Dette vi gjera arbeidsmengda meir passeleg, og det blir lettare for vedkommande å ha oversikt over laga.

Ulike rollar diskutert – unnateke for offentlegheiten. Klart til årsmøtet

22-14: Kvalitetsklubb

Status politiattestarbeidet. Det er sendt ut personleg epost til alle som manglar politiattest. Frist satt til 15.januar 2015 for at alle som har relevante verv i klubben har dette i orden.

23-14: Ymse

Unnateke frå offentlegheiten.